FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57643142
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato	Vår referanse
19.06.2013	2013/2568 -
Dykkar dato	Dykkar referanse

Nordfjord Bildemontering AS
Taklo
6770 NORDFJORDEID

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **Nordfjord Bildemontering AS**	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): **982645042** Eigd av (foretaksnr.): **960190084**
Stad og kommune: Taklo, Eid kommune	Kontrolldato: **14.06.13**
Postadresse: **6770 Nordfjordeid**	Anleggsnr. (internt nr.): **1443.0033.01**
	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: **Øystein Røed**	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: **Dagny Alvik og Gøsta Hagenlund**

Desse hovudtema vart kontrollert:

- ☐ Internkontroll (ytre miljø)
- ☐ Miljørisikovurdering
- ☒ Utslepp til luft eller vatn
- ☐ Støy
- ☒ Løyvet med vilkår
- ☒ Forskriftskrav
- ☒ Miljøsanering av kasserte køyretøy
- ☒ Forsøpling og ureining til omgjevnader
- ☒ Fast dekke og oljeavskillar
- ☐ Avfallshandtering ordinært avfall
- ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)
- ☐ Handtering og bruk av kjemikaliar
- ☐ Datablad

Bakgrunn for kontrollen:

- ☒ Oppfølging av tidlegare kontroll

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **1** avvik og gitt **2** merknader. Avvika er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan 01.08.2013

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dagny Alvik
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Nordfjord Bildemontering AS, den 14.06.13**.

Kontrollen vart gjennomført som ein oppfølging etter tidlegare kontroll. Vi intervjua sentralt plasserte personar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevnaden. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **01.08.2013**. evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknyting til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.

2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.

3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøloverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6.

Nordfjord Bildemontering AS er ikkje risikoklassifisert i løyvet. Dette var også kun ein kort stikkprøvekontroll. Difor varslar Fylkesmannen at verksemda berre må betale 50 % gebyr etter lågaste sats i § 39-6, kr. 2 250,-.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Varsel om plassering i risikoklasse

På bakgrunn av type verksemd med lagring av store mengder bilvrak, farleg avfall, dekk mm., risikoen for utslepp, og plasseringa nær sjø, vurderer vi å plassere verksemda i **risikoklasse 3**.

Klassifiseringa vil ikkje ha noko å seie for behandling av ev. søknadar, men vil seie at gebyr for ein inspeksjon eller revisjon går fram av § 39-6 (kontroll som varer inntil ein dag) eller § 39-8 (systemrevisjon). Ein kan rekne med rutinemessig inspeksjon kvart 3. år i form av systemrevisjon eller dagsbesøk. I tillegg vil det kome inspeksjonar på grunn av hendingar, koordinerte aksjonsformar eller andre særskilde grunnar.

Vedtak om risikoklasse vil verte gjort som løyveendring.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Dette avviket vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall**

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), Kap 11: Farlig avfall*

Kommentarar:

Verksemda overheld ikkje leveringsplikta for farleg avfall
Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong per år dersom mengda av det enkelte stoff/avfallstype overstig 1 kg. I farleg avfallsregisteret er det kun registrert innlevering av spillolje i 2012. Verksemda må få ei rutine på å levere alle farleg avfallsfraksjonar over 1 kg minimum ein gong per år.

Det kom fram under tilsynet at verksemda nyttar opp igjen frostvæske, bremsevæske, spylervæske mm. på andre bilar. Det er ok å nyttiggjere seg av dette så lenge det er til sitt opprinnelege føremål. Ein kan ikkje nytte desse fraksjonane til andre føremål.

Verksemda har ikkje tilfredsstillande merking og lagring av farleg avfall
Krava for lagring av farleg avfall er at det skal lagrast forsvarleg. I det ligg det at avfallet skal vera merka med innhald, det skal vera sikra mot uhell og lekkasje og utilgjengeleg for uvedkommande. På inspeksjonsdagen stod det mykje bilbatteri lagra ute som ikkje var skjerma mot regn. Dersom eit batteri er knust vil det kunne gje utlekking av miljøskadelege kjemikali som td. syre, til miljøet. Batteria må lagrast tørt.

Merknader

Desse merknadane vart påvist under kontrollen:

Merknad 1 **Usanerte bilar skal lagrast på fast dekke**

På inspeksjonsdagen stod ikkje dei usanerte bilane på fast dekke. Forklaringa til dette var at ein tidlegare på dagen måtte ha fram betongbil til nabotomta, og at ein hadde flytta bilane. Det er krav i løyvet at bilar som ikkje er miljøsanerte skal lagrast på fast dekke som er tilkopla oljeutskiljar. Det var plassert stålplater på toppen av avløpet. Det er viktig at evt oljelekkasje frå usanerte bilar kjem ned i oljeutskiljaren.

Merknad 2 **Det var lagra mykje dekk på området**

Det låg mykje dekk oppetter skråninga på området. Dette verkar skjemmande og kan utgjere ei stor brannfare. Verksemda bør tilstrebe å halde dekklageret på ein minimum nivå.